

161123 -Referat medlemsmøte

Til stades frå bilgruppen:	Marius, Tommy, Cecilie, Martin, Kurt, Kjetil, Amanda (referent)
Sakar:	Oppsummering sesongen 23 og løp 24
	Kva skjer dersom eit løp vert flytta
	Innspel frå førarar ang VM 24
	Sportskomite
	Dugnad og årshjul
	Nyheiter frå forbundet
	Evalueringskjema

Marius ynskjer velkommen til møte og går gjennom kva agendaen for møtet er.

- **Sesongen 23**

- Kvalløp, pengepremier og god promotering gjorde at me hadde veldig mange påmeldte henholdsvis 106 førarar. Noko som ein trur ein må tilbake over 10 år for tilsvarende. Mange publikum, 858 betalende tilskuarar. Det vil sei utan funksjonærar og mekanikarar. Mange aust frå, spesielt i juniorklassen, men óg publikum kom frå austlandet.
- Juniløpet. Krasja med andre løp, som til dømes veteranlandsfinalen. Vanskeleg å finne datoer i juni. Me hadde NRC cupen på besøk, rundt 11 deltakarar. Positivt det bilgruppen har høyr. Underhaldning på bana, sjølv om ein ikkje hadde like mange påmeldte som i kvalløpet.
- Septemberløpet: Ingen førarar frå Vikedal, i juni var det 2 påmeldte. Bevis på at VM, ikkje har same status som det har hatt. Få deltakarar, nokre og 40 førarar. Me tok i bruk traksalyse, det verkar, og ein har kjøpt heilt nytt pikselsystem til neste år. Det vil óg kome nytt startsystem slik at ein kan sleppe problema me pleier å ha når det er regn. Litt likt som dei hadde i Vikedal. Datamaskina styrer kortid grønyset kjem. Ein kan leggje inn berging, reklame og meir enn berre grønt lys og femsekundar. Det kjem ein oppdatering på systemet ila året der du sjølv kan sjå på tavla når du står på rett stad i startsporet ditt.
- Klubbølpet, fleire deltakarar enn på septemberløpet. Det hendte ei ulukke på publikumsplass. Ein funksjonær måtte halde publikum vekke fordi mange tok fram telefonen for å ta bilete. **OPPFORDRING**: halde seg for god for dette, men og gje beskjed til andre som ein ser gjer dette. Måtte kjøre utan speaker, jobba i kulissene i det lengste, men alle var oppteken. Litt kjedeleg for publikum.

- Damedag. Vart veldig populært til tross for dårleg vær og litt mangel på funksjonærar. Ein tok det på sparket og visste ikkje at det kom til å verte så populært, men viktig å gjennomføre. Dei som kom bort var positive, og me prøver å gjere dette igjen til neste år. Innspel til timing på året, denne gongen, helga før klubbøpet, vanskelegare å låne ut bilar.
- Juniorleir, godt oppmøte og godt samhold. Arrangert i juni, mogleg litt seint på året, men slik vart det i år.

Terminliste 2024:

- Kvalløp 13.april for både junior og senior. I år fekk alle som hadde søkt om kvalløp innvilga. Egersund, Førde og Vikedal har óg fått kvalløp. Ynskjer å få til eit godt løp til neste år óg, like bra —om ikkje betre.
- Juniløp 15.-16. juni. Krasjer med damelandsfinale, men ein har ikkje andre moglegheiter av ulike grunnar som t.d. løp i naboklubbar.
- Septemberløpet: 7. og 8. september.
- Klubbøp: 5. oktober.

SPØRSMÅL FRÅ MEDLEM: vert det NM-runde? Me har søkt om NM-runde, men fekk det ikkje. Me vart oppfordra til å søkje på nytt til 2025.

Kva skjer dersom eit løp vert flytta?

- I år måtte ein flytte klubbøpet. Me tok ein vurdering og såg at antal nøkkelpersoner som var vekke gjorde at ein ikkje kunne gjennomføre (mangel på folk i sportskomité i hovudsak).
- I år vart måten ein flytta løpet gjort på ein mindre god/feil måte. Ein må ha lengre varsel, og ein skal leggje ut i kanalane alternative datoar slik at medlemma får vere med å velje ny dato.

Innspel til VM 2024

Som arrangør, ikkje gratis å delta i VM. Me forpliktar oss til ein del reglar, og har ein del utgifter. Slik som det har vore i år: Få i frå Vikedal som har deltatt. Finalen i VM vart kjørt på ei helg der det var NM-runde. Me gav beskjed til VM i desember i fjor då terminlista til NM vart lagt ut at ein ikkje kunne gjennomføre finalen den helga. Me arrangerte óg juniløpet samstundes som veteranlandsfinalen. Me gav beskjed til VM om at dette løpet kunne strykast frå meisterskapet dersom ein ville det.

Det er komitémøte til helga. Vikedal har hatt problemer og har ikkje fått invitasjonen på mail, og det er nok noko av grunnen til at dei ikkje stilte på VM-møte i fjor. Marius har prata med Vikedal og det skal kome nokon derifrå på møte.

Innspel frå medlemmane:

- VM må ta ei evaluering av sesongen og kome med eit forslag
- Ta vekk bonuspoenga heilt
- Ikkje delta i meisterskapet (fordi det er mykje bergensførarar, og sunnfjordingar som stiller)
- Innspel frå medlemmane er at det er få førarar frå Vikedal, både her i Bergen og i Vikedal
- Pengepremier? Vil det trekke fleire?
- Premiefest?
- Cup med Sunnfjord? Gol?

Sportskomite:

- Sportskomitéen er utanom bilgruppen. Det er bilgruppa som set sportskomité, men det er sportskomitéen som har ansvar for å planleggje og gjennomføre løpa.
- Treng, og er avhengig av at andre vert med. I år har ein vore så og sei kun personar frå bilgruppen.
- Håper at nokon av medlemmane deltek i sportskomité. INNSPEL frå medlem: bør gjere **meir** enn å håpe, kan nesten kreve.
- Skal ein gjeninnføre at ein tar to i frå dei ulike leirane?
- Ein av grunnane til at ein har lagt bakpå med påmeldinger osv. er på grunn av at det er dei same som arrangerer alle løpa. Då må ein starte i det same det forrige løpet er over, det er eigentleg for seint. Ein bør jobbe meir flytande.
- **OPPFORDRING** til førarane: innmelding av funksjonærar tidlegare, slik at det er lettare for sportskomiteén å planleggje arrangementet. Ein kan leggje inn ynskje, dess tidlegare ein legg inn, dess lengre fram i køen. Bilgruppen har latt ein del passere og vil vere meir nøye til neste år, fordi det skal vere likt for alle. Nokre melder faktisk avbud om ein ikkje får funksjonær.
 - Mange melder inn publikumsvaktar, men det fins ikkje lengre og ein har rett og slett ikkje nok folk til å ha det. Melder ein inn publikumsvakt, så vert ein satt til andre oppgåver.
 - Ein annan ting som ein ynskjer å fylgje opp betre er påmeldingsfrist, innsjekk og teknisk (kortid det stengjer). Det er bilgruppen som legg inn ein guide til sportskomité, men det er sportskomité som vel dette.
 - Avtale med teknisk om ein kjem lørdag, slik at det er lettare for teknisk.

- Ein må melde avbud om ein ikkje skal stille på grunn av ikkje-godkjent bil. Fleire anledningar der hovudteknisk har gått på jurymøte og må leite etter dei som ikkje har fått godkjent bil, men då vert det gjort feil. Ettergodkjenning. Kaos i rekkene og førar til forseinkingar. Dette er ting som kan bidra til at tidsskjema vert forskyvvd. Er ikkje bilen godkjent innan teknisk går ut, får du ikkje kjøre.
- Førermøte startar 9, ikkje kvart over 9. Om ein ikkje stiller kan ein verte nekta å køyre løpet. Dette veit truleg dei fleste, men me presiserer det.
- TILBAKEMELDING frå meldlem: førarar som melder avbud på grunn av problem med bil kan tilby seg å hjelpe som funksjonær.
- TILBAKEMELDING frå medlem: få funksjonærar til å delta i sportskomité. Litt strengt, dei fleste stiller på førarmøte til rett tid.

Årshjul og dugnad

Ny modell i år med treningsavgift og dugnad. Bilgruppen tar sjølvkritikk på korleis det har vore med dugnad i år, og ynskjer ein ny sjanse til neste år. Bilgruppen støttar den modellen som har vore i år, men vil jobbe med betre kommunikasjon ut til medlemmane om kva oppgåver som skal gjerast, og kortid.

Ein skal lage eit årshjul/kalender, der ein legg inn oppgåver, kva som skal gjerast på anlegget, løp og så vidare. Dette vert eit verktøy som bilgruppen skal bruke for å ha oversikt over oppgåvene og vere tidlegare ute med å innkalle til dugnad. Medlemmane kan og fylgje meir med sjølv og sjå kva ein kan gjere ut i frå kortid ein har ledig tid.

FRÅ STYRET: Årsaken til at ein prøvde ein ny modell: etterslep på anlegget. Modellen tidlegare har ikkje fungert, ein har prøvd ein ny modell.

FRÅ MEDLEM: Misnøye fordi arbeid på bana ikkje er likestilt med anna dugnadsarbeid som å vere med i sportskomité, stille på gokartløp, gjere innkjøp osv.

SVAR FRÅ STYRE: Ein kunne enten betale meir (typ 10 000) i treningsavgift i året, eller arbeide for å oppgradere anlegget. Vurderinga var at om ein skulle leige inn folk til å få gjort noko med etterslepet på anlegget vil det vere svært kostbart. Difor ynskte ein at medlemmane bidrog med dugnadstimer for å få ned dette etterslepet.

Modell: halvtårs-avtale, ein jobbar 6 timar dugnad fortrinnsvis på anlegget i halvåret. Når ein har gitt desse timane til klubben så betalar ein 10 kr per trening. DØME: Har ein med seg ein annan og jobbar i to timar begge to, har ein gitt 4 timar med dugnad til klubben, og har 2 timar igjen det halvåret.

Det vart kommunisert litt dårleg kva som gjeld som dugnad og korleis det skal gjennomførast i år. Forslag frå medlemsmøte: Kan det telje å vere med i sportskomité som dugnad? Kan det telje å hjelpe til på gokartløp? Me er avhengig av hjelp frå dei andre grenane. Evt ha fleire timar med dugnad slik at både arbeid på anlegget og anna dugnad tel.

Nyheiter frå NBF

- treningsjuniorar kan delta på klubbøpet, det er opp til klubbane å vurdere.
- Nytt digitalt budsystem, med backup. Uavhengig leverandør og system. Det vert gjort mykje testing for at det skal vere brukbart. Nye budkonvoluttar etter svensk modell. Svakheita i det gamle datasystemet for bud: betaling same stad som du legg inn bud. For mykje trafikk og det krasjer. Difor: betaling vert gjort i budluka. Arrangøren kan ta ut lister på kven som har lagt inn bud på kva bil.
 - INNSPEL FRÅ MEDLEM: synd at alt skal vere hemmeleg kring bud med dette systemet.
- Gjennomgåande at det er vorte for mykje bud i BC og at kostnadane er for høg. Mange løp har vorte avlyst pga for lite påmeldte. Ein melder seg på storløp fordi ein uansett mister bilane sine på bud.
 - INNSPEL FRÅ MEDLEM: om ein hadde lister på kor mykje pengar ein brukar på bud kvar sesong, ser ein at dette ikkje er ein sport for ungdomar.
- Snakk om at ein kanskje kunne reservere beløp på konto pr bil som eit tiltak for å få ned kostnader.
- Ingen store tekniske endringar
- Fokus på hets over nett.
- Nytt hoduvstyre

Meir usikkert:

- auke i budpris. Ein veit at det vert ei auke, men ikkje kor mykje det vert.
- to bilar pr person vert skrota, usikkert på kva som kjem i staden.
- det har vorte søkt om gratislisens for nybygg til neste år.
- Få ned kostnader i BC. Komplisert sak, ein har prøvd ulike ting og det har kome forslag i år på korleis ein kan gjere dette.
- Liste med innsendte forslag.
 - Innfestning til belte skal sitje igjen i bilen ved sal (sikkerheit)
 - Girkasse- ikkje lov med dogbox/sekvensiell (få ned kostnader) (tre innsendte forslag om dette)
 - Motor — ikkje lov med to doble forgassarar
 - Tenningsanlegg — ikkje lov med datasprut eller launchkontroll

- Dekk — kun grushjul/vinterdekk
- Ballast/lodd — fjerne fritt med lodd
- Dekk —fjerne fritt dekkval, vil ha gatehjul/vinterdekk/alle likt gullabo
- Vognlisens —svensk modell, gyldig i tre år
- Dekk —dekk følger bil som har vorte brukt i løpet, serieproduserte

Avslutningsvis takkar Morten Lavik på vegne av gokartgruppen. NMK Bergen fekk utmerkelse for beste gokartløp og hadde ikkje klart å arrangere utan hjelp frå medlemmar i frå bil.